



# ÅRSMELDING 2023



**Den nye Kyrkjestøgo i Kviteseid vart opna 1. søndag i advent.**

*(Foto: Kristen Salmelid)*

Den har møbler og utstyr for 30 personar.

Når snøen no er borte, produserer solcellene på taket straum til kyrkja, bårehuset og kyrkjestøgo.



# ÅRSMELDING 2023

## 1. KORT OPPSUMMERING

I året 2023 var det jamn og god drift av verksemda i soknet. Frivillige var som vanleg særskilt aktive, og tilsette og soknepresten var i normal drift utan større sjukemeldingar. Hausten var prega av at det var valår og at soknepresten melde sin avgang til nyttår. Avtroppande sokneråd, utval, komitear og andre frivillige vart takka for 4 års innsats med stor frivillighetsfest på Straand hotell 19. oktober. Nytt sokneråd starta sin fireårsperiode 1. november.

Gleda var stor då vi fyrste sundag i advent kunne opne Kyrkjestøgo meg høgtidleg klipping av snor. Dette tilbygget til bårhuset i Kviteseid har vi allereie sett er særskilt tenleg. Dette var det største investeringsprosjektet i soknet dette året.

Økonomisk har vi tilpassa oss høge straumprisar, men i 2023 vart det ei dobling av pensjonskostnadane, der vi hadde tatt høgde for noko mindre.

Hovudtal frå rekneskapen:

Økonomi:	Drift	Investering
Budsjett 2023 (inntekter og utgifter i balanse, inkl. tenesteytingsavtale)	Kr 5.448.000	Kr 1.901.000
Rammeoverføring frå kommunen	Kr 3.726.000	Kr 1.000.000
Resultat (etter avsetnad og bruk av fond, -for drift)	Kr 0	Kr 120.030*

\*Resultatet for investerings vert dekkja inn av fond og reduksjon av aktivitet i 2024.

## 2. MÅLSETJING OG ANSVAR

Den nye «Kirkeordning for Den norske kirke» vart gjeldande frå 01.01.21. Om soknerådets oppgåver står det her mellom anna:

### § 12. MENIGHETSRADETS OPPGAVER:

«Menighetsrådet skal ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjøres for å vekke og nære det kristelige liv i soknet, særlig at Guds ord kan bli rikelig forkynt, syke og døende betjent med det, dømte gis trosopplæring, barn og unge samlet om gode formål og legemlig og åndelig nød avhjulpet. ... Menighetsrådet har ansvar for at kirkelig undervisning, kirkemusikk og diakoni innarbeides og utvikles i soknet.»

«Menighetsrådet avgjør om det skal tas opp offer eller foretas innsamling i kirken og forvalter de midler som blir samlet inn, bevilget eller gitt som gave til kristelig virksomhet i soknet, med mindre annet er fastsatt...»

«Menighetsrådet medvirker ved tilsetting i kirkelige stillinger etter de regler som gjelder til enhver tid.»

«Menighetsrådet innbyr minst en gang i året de tilsatte i soknet til å ta del i rådets drøftinger om menighetsforholdene og de oppgaver som foreligger.»

Kviteseid er ein eitt-sokns-kommune. Det gjer at soknerådet òg løyser det som er rekna som fellesrådsoppgåver:

### § 17. KIRKELIG FELLESRÅDS OPPGAVER:

Kirkelig fellesråd skal ivareta administrative og økonomiske oppgaver på vegne av soknene, utarbeide mål og planer for den kirkelige virksomhet i kommunen, fremme samarbeid mellom menighetsrådene og ivareta soknenes interesser i forhold til kommunen.

Kirkelig fellesråd er ansvarleg for

1. bygging, drift og vedlikehald av kyrkjer
2. anlegg, drift og forvaltning av gravplassar

3. oppretting og nedlegging av stillingar som blir lønna over fellesrådets budsjett
  4. skaffe og drift av kyrkjekontor
  5. administrativ hjelp for prosten når kyrkja si verksemd nasjonalt yter tilskot til det
  6. skaffe lokal, utstyr og materiell til konfirmasjonsopplæring
- Kviteseid har i alt 6 kyrkjer og 7 gravplassar (kyrkjegardar): Kviteseid, Kviteseid gamle, Brunkeberg, Vrådal, Fjågesund og Kilen, samt Vrådal gamle kyrkjegard som ikkje er i bruk lenger.
  - Kviteseid sokn har 6 tilsette. (Sjå meir i pkt. 5.1.) Soknerådet vurderer arbeidsmiljøet i verksemda som godt. I tillegg til dei fellesråd-tilsette, har soknet ein sokneprest som er tilsett og løna av bispedømerådet, og er del av staben i soknet.
  - Administrative og økonomiske oppgåver i soknet: Soknerådet utarbeider mål og planar for den kyrkjelege verksemda, forvaltar inntekter og formue etter lov og vedtak, og tek vare på soknet sine interesser. Dei praktiske oppgåvene som fylgjer av soknerådet sitt tilsynsansvar, vert utførte av dei kyrkjeleg tilsette. Kyrkjeverja er dagleg leiar for verksemda og er sakshandsamar for soknerådet.

### 3. SOKNERÅDET SINE MEDLEMER

Soknerådet gjennom mesteparten av 2023 var: Marit Gotuholt (leiar), Marit Sørby (nestleiar), Dagfinn Køhn, Unni Snaunes, Toralf Grave, Gudrun Nordbø Venås, Vidar Syrtveit Mikalsen og Sigrun Garvik Moen (sekretær)

Vararepresentantar: 1. Vigdis Helene Bruhaug, 2. Aud Turid Fjågesund (i permisjon), 3. Inge Waldenstrøm (fekk permisjon i løpet av året grunna flytting), 4. Eva Lisbeth Lier og 5. Jan Rune Bjørnson

Sokneprest: Møyfrid Lunde.

Kommunerepresentant: Bjørn Nordskog (ordførar) med vara Jonn Foldøy.

Soknerådet hadde ei jamn kjønnslikestilling med seks damer og fem menn (utanom varamedlemmer, men med kommunerepresentant og kyrkjeverje)

Det nye soknerådet frå 1. november 2023 er: Marit Sørby (leiar), Knut Gjersund (nestleiar), Sigrun Garvik Moen (sekretær), Astrid Breivik, Dagfinn Køhn, Solveig Aabø Løfgren, Trond Andreas Fjågesund og Anne Oddny Foldøy. Sokneprest Møyfrid Lunde var fullverdig medlem heile året. Ny kommunerepresentant (for fellesrådsakene) er ordførar Tarjei Draugedal.

Vararepresentantar er Ida Elisabeth N. Sigurdslid, Monica Haugestøl, Geir Helge Susort, Jorunn Simonsen og Jan Rune Bjørnson.

Ny kommunerepresentant: Tarjei Draugedal (ordførar) med vara Jonn Foldøy.



*Det nye soknerådet som starta 1. nov. 2023. Trond Fjågesund og Jan Rune Bjørnson var ikkje til stades. Soknepresten vart ikkje med på bilete.*

*Foto: KS*

### 4. SAKER I SOKNERÅDET

Soknerådet handsama 72 saker i 2023. Desse var fordelte på 8 møte:

**25. januar:** Drifts- og investeringsbudsjett for 2023 og økonomiplan for dei 4 neste åra, Tilbygget til bårhuset i Kviteseid og Førebuing av soknemøte.

**1. mars:** Årsrekneskap og årsmelding 2022, Årsmelding for 2022, Endra liturgi for familie-gudstenestene, Førebuing til soknemøtet 7. mai, Kyrkjevalet 2023, Fasteaksjonen, Utsendingar til Diakonaten sitt årsmøte, Dugnad på kyrkjegardane, Driftsbilen, Solceller og Web-camera

**27. april:** Revisjonsberetning for 2022, Kyrkjevalet 2023, Årssamtale med Prost Asgeir Sele, Minnelund i Kviteseid, Streaming frå Kviteseid kyrkje, Evaluering av Fasteaksjonen og Fellesmøta, Bruk av media, og Ambassadøravtale for Bufetat og fosterheimrekruttering.

**7. mai:** Soknemøte med årsmøtesaker

**8. juni:** Økonomirapport og revisjon av driftsbudsjettet for 2023, Kyrkjevalet 2023, Komité for kyrkjelydsbasaren, Dato og komité for Gullkonfirmantfest.

**24. august:** Forslag driftsbudsjett 2024 og Økonomiplan for 2025-28, Investeringsbudsjett 2024 og investeringsplan 2025-28, Kyrkjevalet 2023, og Trusopplæringsplanen.

**5. oktober:** Felles møte med avtroppande og påtroppande sokneråd: Valresultatet og oppsummering, Gudstenesteplanen for 2024, Byte av maskintralle, Overlevering frå gammalt til nytt råd,, konstituering av nytt råd med val av leiar, nestleiar og sekretær, Personalsaker (Møyfrid Lunde sluttar).

**30. november:** Ekstraordinært møte på mail med sak om Utlysing av soknepreststillinga

**11.-13. desember:** Ekstraordinært møte på mail med sak om SR-representant i Tilsetjingsrådet i bispedømmet

I tillegg var det på soknerådsmøta mykje informasjon (saker med tittel «Post og meldingar»).

Referata frå soknerådsmøta blir lagt ut på den nye nettsida [www.kyrkja.no/kviteseid](http://www.kyrkja.no/kviteseid). Der ligg alle referata frå og med 2016.

## 5. MEDARBEIDARAR

### 5.1. TILSETTE

Soknerådet hadde ved utgangen av 2023 ansvar for 3,7 årsverk fordelt på seks tilsette i arbeid. Det var inga endring frå året før. Her kunne det godt vore større kjønsligestilling då alle seks fast tilsette er menn. Det er ikkje bevisst handling, men eit resultat av tilfeldigheit ved tilsetjing gjennom åra. Dette kan med fordel endrast på ved framtidige tilsetjingar. Dei fast tilsette er:

- Kristen Salmelid: Kyrkjeverje i 100 % stilling, tilsett 2016.
- Olav Holm: Organist i 70 % stilling, tilsett 2019.
- Jan Gunnar Haugen: Fagarbeidar (kyrkjegardsarbeidar og kyrkjetenar) i 45 % stilling, tilsett i 2000.
- Håkon Heggveit: Fagarbeidar (kyrkjetenar og kyrkjegardsarbeidar) i 50 % stilling, tilsett i 2013.
- Bjørn Stian Sigurdslid: Fagarbeidar (kyrkjetenar og kyrkjegardsarbeidar) 55% stilling, tilsett frå aug. 2020.
- Knut Ove Lofstad: trusopplærer i 50% stilling (inkludert 10% sekretæroppgåver), tilsett aug. 2020.

Sokneprest Møyfrid Lunde var ein del av den lokale staben med kontor plass på kyrkjekontoret, tilsett av bispedømerådet, for teneste i Øvre Telemark prosti, med Kviteseid sokn som særskilt arbeidsområde. Prosten er soknepresten sin næraste overordna. I feriar vikarierer sokneprestane i Seljord og Kviteseid for kvarandre.

I tillegg har soknet tilsette som vi deler med sokn i fleire kommunar, og som har kontor plass utanfor kommunen vår:

- Eilev Erikstein: Prostidiakon i 100% stilling. Stillinga er felles for sokna i Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Tokke og Vinje.
- Petter Jakobsen var dagleg leiar i «Ønsket og elsket» i 50 % stilling ut året. Andre var: Caroline Bringsås (30 % ut januar), Sara Smith (25 % ut august ), og Hanna Versto Roheim (25 % på

hausten). Alle sokn/fellesråd i Øvre Telemark deler på finansiering av desse stillingane. (Ny leiar frå januar 2024 er Emil Mathisen, formelt tilsett i bispedømet)

## 5.2. UTVAL, KOMITEAR OG REPRESENTASJON

**Kyrkjelydsutvala** fordeler praktiske oppgåver knytt til gudstenester og bruk av kyrkja. Dei stiller kyrkjevartar som ynskjer velkommen i døra, ordnar blomar til altaret og steller til kyrkjekaffi.

**Brunkeberg:** Anne Lise Råmunddal (leiar), Vigdis Helen Bruhaug, Anne Dorthea Heggveit Henriksen, og Eva Lisbeth Lier.

**Fjågesund:** Aud Turid Fjågesund (leiar), Gunn Karin Eikåsen, Monica Haugestøl og Anette Gravir Rønningen.

**Kilen:** Alternativt jolebord heldt fram ved dei nye eigarane av Kilen Camping og feriesenter; Kai Rune Aasen og Hilde Skauff. Svein Holberg deltok og.

**Kviteseid:** Lisbeth Farmen Aabø (leiar), Kirsti Breidalen Skjæveland, Sigrun Garvik Moen og Solveig Aabø Løfgren.

**Vrådal:** Astrid Breivik (leiar), Jan Gunnar Breivik og Marit Sørby.

**Trusopplæringsutval:** Vidar Syrtveit Mikalsen (leiar, gjekk ut), trusopplærer Knut Ove Lofstad, sokneprest Møyfrid Lunde og Sigrun Egeland (gjekk ut).

**Diakoniutval:** Kirsti Skjæveland (leiar), Gunhild Sveinsdotter Breidalen, Gunhild Dobbe, Reidun Fisketjønn, Ingrid Grestad, Ellen Katrine Køhn, Hanne Roholdt, Marit Sørby, Reidun Torsdalen og Åsa Wendel.

**Gudstensteutval:** Astrid Breivik, Sigrun Egeland, Dagfinn Køhn, organist Olav Holm og sokneprest Møyfrid Lunde.

**Kulturutval:** Thorbjørn Emdal, Toralf Grave (gjekk ut), Anne Oddny Foldøy (ny), og organist Olav Holm (leiar og sekretær av utvalet).

### **Andre komitéar og representasjonar:**

- Komité for godhetsveka 2023 – Knut Ove Lofstad og Kristen Salmelid møtte for kyrkja.
- Komité for fellesmøte 2023 – Møyfrid Lunde møtte for kyrkja.
- Komité for kyrkjelydsbasaren 2023 – Kristen Salmelid, Dagfinn Køhn, Kirsti Skjæveland, Gunnhild Dobbe og Marit Sørby.
- Komité for konfirmantfest 2023 på Misjonshuset i Kviteseid – Marit Gotuholt, Dagfinn Køhn, Sigrun Garvik Moen og Marit Sørby.
- Komité for gullkonfirmantfest 2023 – Anne Lise Råmunddal, Solveig Løfgren og ein av gullkonfirmantane, i tillegg til soknepresten som stod for innhaldet.
- Redaksjonskomité for kyrkjebladet – Møyfrid Lunde (redaktør), Øyvind Jørgensen, Olav Mosdøl og Dagfinn Køhn.
- Fasteaksjonen – soknerådet organiserte bøsseaksjon med god hjelp av konfirmantar og føresette.
- Prostirådet – Gudrun Nordbø Venås var soknerådet sin representant. Ny: Marit Sørby.
- Kirkens SOS Telemark – Marit Gotuholt var soknerådet sin kontakt. Ny: Marit Sørby.
- Årsmøte for Diakonaten i Vest-Telemark – Hanne J Roholdt og Marit Sørby var utsendingar frå soknerådet.
- Diakonaten for Vest-Telemark – sokneprest Møyfrid Lunde sat i diakonaten som representant for prestane, og Sigrun Solvang er vald representant frå årsmøtet.

## 6. VEDLIKEHALDSARBEID OG PROSJEKT MED BYGG OG ANLEGG

### 6.1. INVESTERINGSPROSJEKT:

- Ferdigstilling av varmestyring i Kviteseid kyrkje.
- Bygging og møblering av Kyrkjestøgo, med solcelleanlegg på taket. (Sjå bilete på framsida)
- Kjøp av leasingbilen med noko frå fond og resten på avbetaling.

### 6.2. NYTT OG REPARASJON AV INVENTAR, UTSTYR OG ANNA

- Ny kistevoan på hjul, plassert i Kviteseid.
- Sett med web-camera til live-streaming frå Kviteseid kyrkje til nett (KOS).
- Røykhette med topp til Kyrkjehuken.
- Ny oppvaskmaskin til Brunkeberg kyrkjekjellar.
- Ny nettside via kyrkja. [www.kyrkja.no/kviteseid](http://www.kyrkja.no/kviteseid).
- Ny PC til varmestyring i Kviteseid kyrkje.
- El-piano med stativ m.m., til erstatning for «musespist» piano i Vrådal, og til bruk på friluftsgudstenester og anna. Finansiert av gåve frå Vrådal Normisjon. (Tidlegare bruka el-piano var privat).
- Måling av tårnet i Kilen kapell.
- Tjærebreiing av flistaket på apsisen på Kviteseid gamle kyrkje: På ettervinteren ved Einar Heggtveit (betalt), og på hausten ved vår eigen Håkon Heggtveit. 50 liter milebrent tjære til dette kosta kr 30.000.
- Stemming av instrument gjennom året: Orgel i Fjågesund og Vrådal, piano i Brunkeberg og flygel i Kviteseid (to gonger)
- Reparasjon av aggregat til kjølerommet i Brunkeberg
- Rep. av alterkalk frå 1823 i Brunkeberg kyrkje
- Årskontrollar og serviceavtaler:
  - Brann- og innbrottsvarsling ved Dyrud
  - Store årlege kostnader pr varslingsanlegg til Sør-Øst 110, og til AddSecure
  - Brannsløkkingsapparat og slangar ved Midt-Telemark Brannservice
  - Kyrkjeklokkene ved Olsen Nauen Kløkkestøperi
- Avtaler om snobrøyting og strøing ved behov ved alle kyrkjer

### 6.3. DUGNAD OG ARBEID PÅ KYRKJEGARDANE:

Det vart som vanleg utført annonsert oppryddingsarbeid og dugnad på kyrkjegardane i mai. Takk til alle som deltok. I Fjågesund er dugnaden rundt kyrkja og ikkje på kyrkjegarden.

Avtaler om planting og stell: Vi hadde vel 30 langtidsavtaler (legat-avtaler), og ca. 15 sesongavtaler.

## 7. ØKONOMI

Hovudinntekta til soknerådet er tilskot frå kommunen. Til trusopplæring kjem tilskot frå staten, fordelt i bispedømet. Anna inntekt er hovudsakleg festeavgift, kollektar, trekk frå gravlegata, jolemesse, gåver til kyrkjebladet, faste gåver, momsrefusjon og sjukelønsrefusjon (lite i 2023). Nokre får vi betydeleg tilskot frå Riksantikvaren til investering (ingen slike prosjekt i 2023)

**Rammeoverføringa frå kommunen til drift** var i 2023 på kr. 3,726 mill., mot kr 3,489 mill. året før. Tenesteytingsavtala var uendra kr 379.000.

**Driftsrekneskapan** for 2023 syner eit netto driftsresultat som er eit underskot på kr 88.533 (meirforbruk). Etter avsetnad og bruk av fond enda det rekneskapsmessig i balanse. Samla driftsutgifter var kr 5.629.705. Det er eit vesentleg avvik på kr 225.000 meir enn budsjettet. Hovudårsaka er pensjonskostnadane til KPL som aleine var kr 200.000 meir enn deira prognose og våre budsjett.

Straumkostnadane er nå stabile og innanfor budsjett, men framleis høge. Elles er det alltid lønskostnadane som er høgast.

På inntektssida er gåver og ofringar høgare enn den forsiktige budsjetteringa.

**Investeringar** vart gjort for til saman rundt 2,08 mill. kr, og enda med manglande dekning på kr 120.030 (underskot) Det er eit vesentleg avvik, og skuldast styrte meirkostnadar på Kyrkjestøgo, utan at lånesummen på kyrkjebilen var med i budsjettet då vi kjøpte den ut etter 5 års leasing. Underskotet blir dekt med bruk av ubunde investeringstilskot på kr 42.000 og redusert aktivitet i 2024 med kr 78.000.

**Balanserekneskapet** viser sum egedelar (anleggsmidlar og omløpsmidlar) er kr 16.100.611 (2022: kr 15.049.203). Dette balanserer med sum eigenkapital og gjeld. Det er ein auke på kr 1.051.408 frå året før.

Ofringar i 2023 til eige arbeid vart 36.000 lågare enn budsjettert, men innsamla til andre vart det kr 50.000 meir. Soknerådet har som eit tiltak for å auke inntektene, gjort vedtak om å endre ofringar til eige arbeid frå 14 til 20 pr år. Faste gåver vart litt høgare enn det budsjetterte kr. 80.000. Det blir stadig gjeve mindre til kyrkjebladet, så der blir det gjort nye tiltak med betalte annonsar (reklame) og færre nummer i året. Spesielle gåver på kr 88.000 vart gitt til inventaret i Kyrkjestøgo. Kyrkjelydsbasaren hadde rekordår med nær 73.000 kr i inntekt. Det er 50 % meir enn dei siste åra.

Sjå meir i statistikken i pkt. 8.2.

Vi viser elles til den fullstendige rekneskapen for soknerådet for 2023 som blir lagd fram til orientering på soknemøtet.

Den økonomiske stillinga til soknet er tilfredsstillande. Soknerådet har forvalta midlane tilgjengelege i 2023 på ein rimeleg måte. Disposisjonsfond minka igjen i 2023, etter dei betre år både i 2021 og 2022.

## 8. SOKNERÅDET SITT ARBEID

### 8.1. GUDTENESTELIVET I SOKNET

#### **Forordninga**

Som før har vi 52 gudstenester forordna frå biskopen til Kviteseid sokn. Desse er fordelt på sundagar og høgtidsdagar gjennom året i dei ulike kyrkjene etter ein fordelingsnøkkel som følgjer forordninga. Ein sundag i månaden er det ikkje gudsteneste i soknet. Vrådal har i tillegg 3 gudstenester i løpet av året med annan prest, frå 2022. Soknet må sjølv dekke inn andre utgifter som organist, kyrkjetenar og oppvarming til desse gudstenestene.

#### **Frammøte og familiegudstenester**

Gjennomsnittleg frammøte og nattverdgjester har halde seg rimeleg stabilt gjennom året. (sjå statistikken) Vi har halde fram med familiegudstenester kvar fyrste sundag i månaden i Kviteseid, og ei gudsteneste pr. semester i Brunkeberg og Vrådal. Det er stor skilnad på frammøte om eit barnekor eller eit trusopplæringstiltak er knytt til gudstenesta, eller ikkje. Vi har hatt utdeling av dåpsgåver til 1-3-åringar og 4-årsbok i samband med gudstenester, og utdeling av adventskalender til 5-åringar under kyrkjelydsbasaren. Det er framleis krevjande å rekruttere barnefamiliane til å møte opp på desse gudstenestene. LysVaken-arrangementet vart avlyst grunna få påmelde. (Vi arrangerer dette og Tårnagentar berre annakvart år. )

#### **Variert gudstenestetilbod**

Dette året har vi ikkje hatt eigne dåpsgudstenester, men ein heimedåp. Vi ynskjer at dåpen i hovudsak skal leggjast til sundagsgudstenestene.

Vi har elles prøvd å tilby eit variert gudstenestetilbod med Taizé-bøn i fastetida, nattverd-gudstenester på KOS, kveldsmesser torsdagar i juli i gamlekyrkja og nokre friluftsgudstenester. Gudstenesta på

Vrådal gamle kyrkjegard var som vanleg godt besøkt, og her vart det servert heimelaga graut. Så var det friluftsgudsteneste på Huvestad i Brunkeberg. Den var svært godt besøkt.

Når det gjeld gudstenester 17. mai, har desse vore lagt slik at 17. mai-toga i Kviteseid, Fjågesund og Brunkeberg rekk fram til gudstenestene der. I 2022 gjorde 17. mai-komitéen i Kviteseid ei endring slik at toget starta i bryggjeparken etter gudstenesta i Kviteseid, men i år var vi tilbake til slik det har vore i mange år.

I haust heldt vi fram med ein gamal tradisjon med å halde lysmesse i gamlekyrkja. Her var Kvitsund Gymnas aktivt med. Kyrkjelydsutvalet serverte varm kakao og bollar etterpå.

Før jol var det elles to skulegudstenester: med Brunkeberg oppvekstsenter og Kviteseid skule saman, og Kvitsund gymnas, og barnehagevandring med Kviteseid barnehage.

### Frivillige og konfirmantar

Elles er kyrkjelydsutvala framleis gode medhjelparar som følgjer opp praktiske oppgåver rundt i kyrkjene i soknet. Og som før er det mange frivillige som er involverte i sjølve gudstenesta med oppgåver som klokkar, forbedar, kyrkjevert, tekstlesing, styre bilete til skjerm, evangelieprosesjon, drama, song, kyrkjekaffi med meir. Konfirmantane har teneste som ministrantar haust og vår. Konfirmantane førebur òg samtalegudstenesta i samarbeid med prest, organist og trusopplærar.

## 8.2. STATISTIKK

	2023	2022	2021	2020	2019	2018
<b>Gudstenester</b> (inkl. i institusj.) *Ekstra dåps- og konf.gudstj.	<b>72</b>	<b>71* (2)</b>	<b>65 (2)</b>	<b>40</b>	<b>61 (2)</b>	<b>62</b>
<b>Kviteseid</b> (inkl. Kv.Gml.), m/dåp + Skule/Barnehage Kveldsmesser Median /gj.snitt	26 10 3 5 76 / 80	26 6 3 5 51 / 71	23 7 1 5 66 / 74	22 3 1 0 56 / 61	24 3 4 78 / 100	24+9   81 / 92
<b>Brunkeberg</b> , dåp + Skule/Barnehage Median /gj.snitt	12 6  54 / 49	12 5 1 31 / 58	10 2 1 52 / 53	13 2 1 48 / 57	11 0 65 / 71	10  61 / 69
<b>Vrådal</b> + Skule/Barnehage Median /gj.snitt	17 3  29 / 38	13 3 0 37 / 54	11 3 0 51 / 51	7 1 53 / 48	11 1 48 / 60	12  34 / 52
<b>Fjågesund og Kilen</b> Median /gj.snitt (Fj.s) Median /gj.snitt (Kilen)	7 24 / 26 27 / 27	4 30 / 29 17 / 17	5 22 / 24 29 / 29	5 25 / 24 22 / 22	7 23 / 22 42 / 42	7 27 / 31 42 / 42
<b>Gjennomsnitt frammøte</b> deltakarar/gudstenester	<b>57</b> (4099/72)	<b>59</b> 3381/57	<b>56</b> 2768/49	<b>42</b> 1861 / 44	<b>76</b>	<b>71</b>
<b>Dåp</b>	<b>19</b>	<b>14</b>	<b>17</b>	<b>13</b>	<b>11</b>	<b>17</b>
<b>Konfirmasjon</b>	<b>13</b>	<b>18</b>	<b>21</b>	<b>11</b>	<b>22</b>	<b>18</b>
<b>Vigslar</b>	<b>6</b>	<b>9</b>	<b>3</b>	<b>2</b>	<b>8</b>	<b>5</b>
<b>Gravferder</b>	<b>23</b>	<b>33</b>	<b>25</b>	<b>15</b>	<b>25</b>	<b>21</b>
<b>Innmelde - utmelde</b>	<b>1 - 9</b>	<b>1 - 8</b>	<b>1 - 9</b>	<b>0 - 6</b>	<b>2 - 9</b>	<b>3 - 4</b>
<b>Medlemmer totalt</b> (tidl.+ tilhørige*) (etter flytting til og frå, døde, talet på døypte)	<b>1685</b> (-9)	<b>1694</b> (-70)	<b>1764</b> (-11)	<b>1775</b> (+39*)	<b>1771</b> (+43*)	<b>1796</b> (+46*)
<b>% medl. i Dnk</b>	<b>69,4 %</b>	<b>70,0 %</b>	<b>71,9 %</b>	<b>75,5 %</b>	<b>75,5 %</b>	<b>76,5 %</b>
Innbygg. i kommunen ved utg. av 3. kvartal, SSB. (endring)	2427 (+6)	2421 (-31)	2452 (+49) 4.kv.	2403 (+1)	2402 (-6)	2408 (-25)



<b>Andakter og gudstenester</b> på KOS og Midts.t.	<b>11 + 11</b>	<b>8 + 9</b>	<b>10 + 9</b>	<b>11 + 12</b>	<b>10 + 9</b>	<b>9</b>
<b>Kulturarrangement</b>	<b>8</b>	<b>7</b>	<b>6</b>	<b>5</b>	<b>10</b>	<b>6</b>
<b>Registrerte frivillige</b> *dobbelst sokneråd	<b>168*</b>	<b>149</b>	<b>151</b>	<b>134</b>	<b>70</b>	<b>71</b>
<b>Kyrkjeofringar</b>	<b>252 300</b>	<b>258 900</b>	<b>185 400</b>	<b>141 000</b>	<b>257 000</b>	<b>226 000</b>
<i>Kyrkjelydsarbeidet</i>	<i>50 600</i>	<i>71 400</i>	<i>42 000</i>	<i>38 000</i>	<i>78 000</i>	<i>49 000</i>
<i>Misjonsprosjekta</i>	<i>32 200</i>	<i>26 400</i>	<i>21 000</i>	<i>23 000</i>	<i>31 000</i>	<i>26 000</i>
<i>Andre eksterne</i>	<i>169 500</i>	<i>161 100</i>	<i>122 400</i>	<i>80 000</i>	<i>148 000</i>	<i>151 000</i>
<b>Andre innsamlingar</b>	<b>126 000</b>	<b>87 400</b>	<b>95 500</b>	<b>83 000</b>	<b>89 000</b>	<b>93 000</b>
<i>Jolebasaren</i>	<i>72 800</i>	<i>49 400</i>	<i>56 500</i>	<i>50 300</i>	<i>41 000</i>	<i>52 000</i>
<i>(Av dette til misjonsprosjekta.)</i>	<i>20 000</i>	<i>20 000</i>	<i>20 000</i>	<i>15 000</i>	<i>15 000</i>	<i>20 000</i>
<i>Fasteaksjonen (*tot. frå komminen)</i>	<i>53 200*</i>	<i>63 200*</i>	<i>39 000</i>	<i>34 700</i>	<i>48 000</i>	<i>41 000</i>
<b>Andre g�aver</b>	<b>218 700</b>	<b>145 625</b>	<b>111 600</b>	<b>116 000</b>	<b>119 000</b>	<b>75 000</b>
<i>Kyrkjebladet</i>	<i>23 800</i>	<i>46 300</i>	<i>36 500</i>	<i>34 000</i>	<i>48 000</i>	<i>54 000</i>
<i>Faste g�aver til eige arbeid</i>	<i>83 100</i>	<i>77 200</i>	<i>75 100</i>	<i>82 000</i>	<i>71 000</i>	<i>21 000</i>
<i>G�aver til spesielle form�al</i>	<i>88 000</i>					

\* NY GOD OVERSIKT OVER ALLE FRIVILLIGE I SOKNET FR  OG MED 2021



Rekordstort resultat p  kyrkjelydsbasaren, og mykje folk!

Foto: KS

### 8.3. TRUSOPPL RINGA «ST RST AV ALT»

**Tilsett:** Knut Ove har halde fram som trusoppl rar i 2023. Ingen nye tilsette.

#### **Trusoppl ringsutvalet:**

Vidar Syrtveit Mikalsen (leiar), M yfrid Lunde, Knut Ove Lofstad, og Sigrun Egeland Bakken.

Utvalet har i 2023 hatt tre m te p  v ren og tre p  hausten.

I 2023 har utvalet

- Arrangert ei inspirasjonssamling for alle dei som jobbar som frivillige i trusoppl ringa. Silje Ljosland Vaksvik heldt foredrag. Utvalet var sv rt forn gd med Vaksviks foredrag/workshop. Utvalet planlegg   arrangere ei ny inspirasjonssamling i 2024.
- Trusoppl rar arrangerte sundagsskulens dag i samarbeid med utvalet. Samlinga var i gapahuken ved Kviteseid kyrkje. Det var servering og hoppeslott for ungane.
- Jobba med evaluering av diverse trusoppl ringstiltak: Utdeling av d pseg ver, Lys vaken-samling, konfirmantleir, 4- rs samling, adventskalender til 5- ringar og sundagsskulen er tiltak som har vore evaluerte i utvalet. I evalueringa har det kome fram viktige tilbakemeldingar og idear som kan gjera tiltaka betre
- Utvalet har jobba med ny tekst til den generelle delen av trusoppl ringsplanen. Utvalet har g tt igjennom fleire punkt i planen og har gjort endringar for at planen skal vera meir relevant og enklare   forst . Utvalet vart ferdig med dette arbeidet i haust.

- **Medlemmer og døypte:**

Vi får tilskot til trusopplæring ut frå 220 barn mellom 0-17 år som er medlemmer.

**Tidsavgrensa breidde-tiltak:**

- *Dåpssamtaler* - Det vart gjennomført dåpssamtaler for dei 12 dåpsborna som budde i soknet. To busatt andre stader hadde dåpssamtale lokalt, slik ordningen er. Fint med dåpssamtaler privat hos dei som takker ja til det. Fint å utfordre dei på om nokon i dåpsfølget kan lese bibeltekstane i dåpsritualet. Ha med salmeboka kvar gong slik at dei kan ta aktivt del i valg av dåpssalme.
- *Dåpsgudsteneste* - Vi hadde totalt 14 dåp. To av de døypte 0-åringane budde ikkje i soknet. I tillegg til 0-åringane som blei døypte, var det fem ungdommar som blei døypte. Fire av desse budde ikkje i soknet.
- *Dåpsgåve* - Utdeling til 1-3 år – 40 av 40 (100%) 7 stk. møtte på gudstenesta, dei som ikkje møtte opp på gudstenesta, fekk gåvene levert av trusopplærar og ei frivillig.
- *4-årsbok* - Utdeling med samling før gudstenesta i Brunkeberg kyrkje 19.november – 5 av 4 (125%). Det kom ein fireåring som ikkje var medlem, i tillegg til dei fire som var medlemmer.
- *Adventskalender til 5-åringar*: Utdelinga var på Misjonshuset i Kviteseid laurdag 2.desember – 8 av 13 (62%).

**Kontinuerlege grupper:**

- Babysong/småbarnstreff på Misjonshuset kvar torsdag. Ansvarleg: Åsa Wendel.
- Sundagsskule: 6 samlingar i 2023 i Bornas kapell under dei gudstenestene i Kviteseid som ikkje er familiegudstenester. På eitt av møta vart det arrangert sundagsskulens dag. Ansvarleg: Knut Ove Lofstad.
- Barnegospel øver annankvar torsdag på Misjonshuset. Førskule-8 år. Song på gudstenester og andre møte. Tilslutta Normisjon. Ansvarleg: Ellen Eggebø Jore.
- Idrettsgruppe på Kvitsund Gymnas, 1.-4. trinn (6-9 år) Tilslutta NLM. Ansvarlege er: Karen Margrete Klausen og Dag Henning Liodden Sørbo.
- Unge Røyster øver annankvar torsdag på Misjonshuset. 9-12 år. Song på gudstenester og andre møte. Tilslutta Normisjon. Ansvarleg: Elise Foldøy
- Tweensklubben for 5.-7. trinn er om lag ein fredag i månaden på misjonshuset. Tilslutta Normisjon. Ansvarleg: Ingrid Asdahl.
- Kviteseid Soul Children øver i Kviteseidhallen annankvar torsdag. 12-15 år. Song på gudstenester og andre møte. Tilslutta Normisjon. Ansvarleg: Olav Holm.
- Kviteseid speidargruppe: Speidarane samlast annakvar måndag på speidarplassen ved elva mellom gamle Syftestad camping og Lie sag. Har også hatt nokre samlingar på Betel om vinteren. I tillegg reiser speidaren på turar i helger, og på leir om sumaren. Speidaren er eit samarbeid mellom Kviteseid misjonskyrkje og Kviteseid sokn. 9-15 år. Ansvarleg: Knut Ove Lofstad, Ane Holm, Hans Kristian Aabø, Vidar Syrtveit Mikalsen og Justin Dean.
- Fredagsklubben. Annakvar fredag på misjonshuset. Fredagsklubben var i 2023 eit samarbeid mellom Kviteseid misjonskyrkje og Kviteseid sokn, tilslutta Normisjon.

**Konfirmant-arbeid:**

**Konfirmantar 2023:** 13 konfirmantar følgde undervisninga frå hausten 2022 og vart konfirmert våren 2023. I tillegg til dei tretten som ble konfirmert, følgde ein konfirmantsamlingane frå starten, men valde å la seg døype i pinsemenigheten i staden og blei difor ikkje konfirmert.

Spesielle samlingar vår og sommar:

- Konf.treff på Granvin med turneringar og undervisning om Kirkens nødhjelp, arrangert av Ønsket og elsket.
- Fasteaksjonen lokalt – konfirmantane gjekk frå dør til dør med bøsser til godt resultat.

- Pilegrimsvandring frå Heia i Vrådal, til Kviteseid gamle kyrkje. (Postvegen)
- Samtalegudsteneste i Kviteseid og konfirmantfest på Misjonshuset i Kviteseid etterpå.
- Konfirmasjonar i Brunkeberg, Kviteseid og Vrådal kyrkjer.
- Sommarleir på Gjennestad, arrangert av Ønsket og elsket.

Konfirmantar 2024: 15 konfirmantar følgde undervisninga frå hausten 2023

Spesielle samlingar hausten:

- Overnattingstur til Lønnegraff eitt døgn. Her hadde vi med ungdomsleiarar frå Kvitsund.
- Kick-off-samling i Husdyrhallen på Dyrsku'n, arrangert av Ønsket og elsket.
- Skulegudsteneste for Kviteseid skule. Her deltok konfirmantane med tekstlesingar, lystenning og jolespel.

Konfirmantane har elles hatt teneste som ministrantar på gudstenester haust og vår.

**Ønsket og elsket:** Ein av konfirmantane frå 2020 har halde fram med å delta aktivt i leiar-programmet til Ønsket og Elsket, i samarbeid med trusopplærar.

Elles har konfirmantane vore med på Kick-off-samling på hausten og konf.treff på våren.

#### 8.4. MISJONSPROSJEKT:

For perioden 2021-2024 har soknerådet teikna to misjonsavtaler:

**1** Bibelomsetjing i Sør-Etiopia gjennom Norsk Luthersk Misjonssamband. Her er Karen Elisabeth Wittersø Hector og mannen Fredrik Hector utsendingar i arbeidet med omsetjing til tsamakko.

**2** Sjukehuset Okhaldunga i Nepal gjennom Normisjon. Her er Liv Wendel utsending og arbeider med undervisning av sjukepleiestudentar i jordmorfag mellom anna.

Sju kyrkjeofringar årleg går til inntekt for kyrkjelydens misjonsprosjekt. I tillegg vert inntektene frå soknerådsbasaren delt mellom misjonsprosjektet og trusopplæringsarbeidet lokalt. For å greie våre avtala mål til misjonsprosjekta, sende vi 20.000 frå basaren. Vi hadde ein intensjon om å samle inn 20.000 kr til kvart av føremåla. I 2023 samla vi inn og sende kr 52.200 (2022: kr 46.400).

#### 8.5. DIAKONI:

**Diakoniutvalet:** Gunhild Dobbe, Kirsti B. Skjæveland, Ellen Katrine Køhn, Åsa Wendel, Hanne Roholt, Marit Sørby, Reidun Fisketjønn, Ingrid Grestad, Gunhild S. Breidalen.

**Møtedatoar:** 7. februar: Diakoniutvalet og Besøksteneste, Eilev Erikstein var med, 11. april, 28. august, 7. september: Diakoniutval og besøksteneste, Eilev Erikstein var med, og 25. oktober.

Møyfrid Lunde var med på møta. Her er oversikt over det diakoniutvalet var med på:

- **Diakoniens dag** 25. januar i Kviteseid. Kyrkjekaffi ved diakoniutvalet.
- **Fasteaksjonen** servering av bollar til bøsse-berarane i Kviteseid
- **Besøktjeneste:** 24 mars og 1. september. Eilev Erikstein var med på møta
- **Føremiddagstreff:**
  - 7 ordinære samlingar på Misjonshuset. Det vart servert smørbrød, kake og kaffi. Utlodding. Andakt ved Møyfrid Lunde eller Eilev Erikstein (2 gonger). Olav Holm deltok
  - Sommartreff 28. juni på Bygdetunet. Servering mat og kaffi. Song og musikk ved Herdis og Øyvind Jørgensen. Andakt i gamlekyrkja.
  - Adventskonsert i kyrkja 6. desember: Song og musikk under leiing av Dagfinn Køhn. Song ved Kjell Lindheim, og borna Olav Egeland Bakken og Edvin Liodden Sørbo. Servering ved langbord i midtgangen av graut, kaffi og peparkaker. Andakt ved Møyfrid Lunde.
- **Blomehelsing:** Det var helsingar til dei som fylte heile- og halvrunde tal frå fylte 80 år (litt usikkert kor mange)

- **Konfirmantar:** Servering av mat og drikke før undervisninga på Misjonshuset eller i kyrkja. Før jol vart Kyrkjestøgo tatt i bruk til dette.
- **Midtsundtoppen:** Besøk ein gong i månaden saman med Møyfrid Lunde og Olav Holm. Andakt, song og musikk. Matsservering og koseleg prat.
- **Bebuarane på Lundenjordet:**
  - Vårfest på Misjonshuset 19. april. Song og musikk ved Kjell Lindheim og Øyvind Jørgensen. Andakt ved Møyfrid Lunde. Eilev Erikstein var med. Andakt ved Møyfrid Lunde. Servering av mat, kaffi og kaker.
  - Førjolsfest på Misjonshuset 13. desember. Song og musikk ved Kjell Lindheim og Dagfinn Køhn. Andakt ved Møyfrid Lunde. Eilev Erikstein var med. Servering av mat og kaffi. Jolenissen kom på besøk.
- **Helgemesse** 6. november i Kviteseid kyrkje. Diakoniutvalet sende ut invitasjonar til dei som hadde mista nokon sidan sist helgemesse. Etter gudstenesta var alle inviterte til samling på Misjonshuset. Det vart servert mat, kake og kaffi. Møyfrid Lunde og Eilev Erikstein var med. Song og musikk av Jan Haugen og Kristin Kleiv. Open kyrkje i Kviteseid frå 16-18.
- **Temamøte på KOS:** Etter førespurnad frå KOS, bidrog diakoniutvalet med aktivitetar for eldre. Hanne Roholdt fekk ansvaret frå diakoniutvalet, men fleire deltok. Dette var og eit samarbeid med Kviteseid Husflidslag og Saniteten i Vrådal. Samlingane var 16. og 30. mars, 11. mai, 28. september, 26. oktober og 7. desember, alle med forskjellige tema. Møta var meningsfulle, og dei eldre treivst og var aktivt med, og KOS meldte at dei eldre sov godt natta etter. Det er ynskje om å fortsette med temasamlingane i 2024.

*For Diakoniutvalet, Kviteseid februar 2023, Kirsti Breidalen Skjæveland*

**Språkkafe:** Etter starten i des. 2022 på Waldenstrøms kafe, fortsette arrangementet på Misjonshuset i regi av Flykningforvaltninga, Frivilligsentralen og forsamlingane i Kviteseid, i regi av kyrkja. I 2023 var det 10 samlingar med 35 til 55 framkomte, frå mange forskjellige nasjonar. Dei fleste er frå Ukraina og Norge. Det vart alltid servert varm suppe, ein av gongene ukrainsk. Fleire ukrainarar har delteke med song og musikk. Spesielt ukrainarane set stor pris på desse samlingane med norskøving med sosialt preg.

### **Prostidiakonen**

Eilev Erikstein viser i sin årsrapport til arbeidet han har gjort i Kviteseid siste året. Heile rapporten ligg på nettsida [www.kyrkja.no/kviteseid](http://www.kyrkja.no/kviteseid) og er verd å lesa.

Her er eit utdrag frå det som gjeld berre Kviteseid, frå årsrapporten til diakonen:

- 98 samtalar
- Deltaking på forskjellige arrangement:
  - Diakonidag i Kviteseid kyrkje
  - Helgemessesundag
  - Open sorggruppe i Brunkeberg (kyrkjestøgo) saman med Seljord, 3 samlingar, 7 deltakarar
  - Med konfirmantane på pilegrimsvandring frå Vrådal via den gamle kyrkjevegen til Kviteseid gamle kyrkje
  - Andakt på to føremiddagstreff på Misjonshuset
  - Guys Group ein gong i lag med tilsette på Kvitsund – 8 deltakarar
  - 2 diakoniutvalsmøte
  - 2 rettleiingsmøte for besøksteneste
  - 2 samlingar i gruppa «Optimistane» - gruppe for dei som har hatt eller har kreft
  - Adventsfest for Lundenjordet
  - Pilegrimsvandring med Kvitsund Gymnas 2 dagar på Haukelifjell
  - Vore med Dagsenteret på Midtsundtoppen på to turar
  - Delteke på 'Trygg i vatn-dag' for ungdomsskulen i Kviteseid

- 1 VIP-samlingar på Kvitsund Gymnas
- Debrifingsamtale med brannfolk
- Førjolssamling for ukrainske flyktningar på Straand Hotel (i regi av Tiru)
- 1 soknebod

### **Godhetsveka 8.-14. mai 2023**

Kyrkja arrangerer godhetsveka i samarbeid med pinsemenigheten Fredheim, misjonskyrkja Betel og Misjonshuset (Normisjon). Veka vert planlagt og organisert gjennom ein felles komité.

Statistikken etter veka er følgjande: Ca. 300 dugnadstimar i felten. Til saman 80 namn er registrert som bidragsytarar på ein eller annan måte. Det er inklusiv komiteen og bakarar. 46 oppdrag fordelt på ca 21 hageoppdrag, 21 vaskeoppdrag, 2 utvendig husvask, 2 terrassebeising.

Tilbakemeldingane etter veka er eintydig positive i år og. Folk verkar veldig fornøgde. Dette gjeld både deltakarar, og dei som mottok hjelp. Ei svært positiv veke med mange gode ringvirkningar i bygda. Flott å kunne samarbeide på tvers av menighetane. Alle vil at dette skal gjentakast og halde fram. Det glir godt når vi har gjort ting før, og i komiteen utfyller vi kvarandre godt.

Det er veldig positivt å ha med Kvitsundeleva (ca 20).

Veka blei avslutta med godhetsgudsteneste i Bryggeparken.

Økonomisk bidrog kvar menighet med kr 3000 for å dekke utgifter som kollekten ikkje dekte.

### **8.6. KULTURARRANGEMENT, SPESIELLE MESSER OG ANNA:**

<b>Gudstenester (spesielle, utanom sundagar)</b>	
22. mars	Taizé-bøn i Kviteseid kyrkje
4 kveldsmesser i Kviteseid gamle kyrkje torsdagar i juli månad	
7.april– langfr.	«Matteuspasjonen» i Kviteseid kyrkje
23. april	Jazzgudsteneste med Analog Jazzband i Vrådal kyrkje
29. juli	Olsokmesse i Kviteseid gamle kyrkje
17. september	Speidargudsteneste i Kviteseid kyrkje
<b>Felleskyrkjelege arrangement (Kyrkja, Betel, Fredheim og Misjonshuset)</b>	
22. januar	Felles familiemøte på Misjonshuset
11.-13. mars	Fellesmøtehelg med Curt Westman som talar
14. mai	Godhetsgudsteneste som avslutning av Godhetsveka
24. september	Felles song-møte med Hilde Svela og Fredheimkoret, i Kviteseid kyrkje
Bøn for Kviteseid ein gong i månaden har vore arrangert dei fleste månader. Felles bøn har blitt flytta til tysdagar på Misjonshuset kl. 18.30.	
<b>Konsertar og liknande.</b>	
7. april	«Matteuspasjonen» i Kviteseid kyrkje
23. april	Jazzgudsteneste med Analog Jazzband i Vrådal kyrkje
1. juli	Open kyrkje og historisk konsert med Hallvard Jørgensen, Robertas Lamsodis og Lina Haugholmen i Kviteseid gamle kyrkje i samband med vikingdagen.
28.-30. august	Albuminnspeling i Kviteseid gamle kyrkje med Erik Holien, fyrste del.
12. november	Konsert med Kjetil Flatland med band i Kviteseid kyrkje
29. november	«Me øver på julesongar» med Kviteseid Hornmusikk i Kviteseid Kyrkje
3. desember	«Mot jol i Fjågesund» med No Boots i Fjågesund kyrkje
6. desember	Adventssamling for pensjonistar i Kviteseid kyrkje med Kjell Lindheim og Dagfinn Køhn, Olav Egeland Bakken og Edvin Liodden Sørbo, allsong, andakt ved Møyfrid og graut.
17. desember	Tradisjonell adventskonsert i Kviteseid kyrkje med bygda sine kor og korps, og andakt ved Møyfrid.
<b>Anna</b>	

7. mai	Soknemøte (årsmøte), i Kviteseid kyrkje
16. april	Felles diakonisundag for Vest-Telemark på kulturhuset på Dalen / Tokke
2. desember	Kyrkjelydsbasar på Misjonshuset til inntekt for Kyrkjelydens trusopplæringsarbeid og Misjonsprosjekta

### 8.7. MELDING FRÅ ORGANISTEN V/ OLAV HOLM:

Også i 2023 har det vore ei glede å arbeide saman med kollegaer og friviljuge om musikk og kultur i kyrkja.

Kviteseid barnegospel blomstrar framleis til glede for både oss som får vere med dei annakvar torsdag på misjonshuset og for tilhøyrarane. Tidleg på året ga Liv Solveig Liodden Sørbø melding om at ho ynskte avløyning som leiar for koret på grunn av helsa. Åsbjørg Hægeland tok vikarjobben ut våren, men ynskte ikkje å gå inn som fast leiar, og gleda var derfor stor når Ellen Eggebø Jore sa seg viljug til å ta over stafettpinnen. Ho var sjølv svært spent sidan ho ikkje hadde leia kor før, men bekymringa synte seg å vere unødvendig då ho løyste oppgåvene på ein svært god måte. I løpet av året har koret vakse frå ikring 8 til ikring 20 deltakarar. Frå i haust har Solfrid Hægeland og Anna Rannestad vore med som svært dyktige medhjelparar frå Kvitsund. Kviteseid barnegospel deltok i 2023 på ei familiegudsteneste i Mars, på 17. mai-gudstenesta og på kyrkjelydsbasar og adventskonserten til jul. Dei song og på felles familiemøte i januar, 0-100 på misjonshuset i april og familiemøte på Fredheim i oktober. Det er flott at me både får rekruttere og opptre i alle menighetane og forsamlingane i bygda.

Soul Children har og hatt eit aktivt år, med dei same leiarane som før. Me har dette året hatt øvingar i Kviteseid att, då rekrutteringa i Seljord var liten. Om me skal forsøke eit samarbeid att treng me nok ein med-leiar frå Seljord som brenn for rekruttering til Soul Children. Underteikna står no fast framfor koret att medan Bent Grestad er ein trufast praktisk medhjelpar som og deltek i band når han kan. I løpet av året har både Ruben og Andreas slutta som faste medlemmar, så me dannar band når det er mogeleg til einskilde høve. Eit flott slikt høve var Kviteseid Hornmusikk sin musikalkonsert på Sundvang denne våren. Me hadde og eit vellukka samarbeid med Unge Røyster om både band og koristar i samband med adventskonserten. Elles har Soul Children og hatt glede av å opptre både på Godhetsgudsteneste og i dei ulike menighetane i bygda.

Det er framleis mange friviljuge bidrag til musikken under gudstenestene. Eit høgdepunkt i så måte var påska der friviljuge på ulike vakre vis fargela kvar enkelt gudsteneste. I ei særstilling var langfredagsgudstenesta der Dagfinn Køhn hadde sett saman ein oktett som framførte koralane frå Matteus pasjonen, medan resitasjonar, ariar og bibelsitat blei lesne. Dagfinn Køhn hadde og sjølv omsett ei mengd uomsett materiale til norsk. Organisten frydar seg når slike initiativ frå friviljuge kjem og blir gjennomført på ein så flott måte.

Berre nokre veker seinare kom eit anna høgdepunkt då Analog Jazzband lyfta påsketidsgudstenesta i Vrådal kyrkje med nydelege jazztonar. Kyrkjelyden kvitterte då med ein høveleg ståande applaus etter postludiet.

I tillegg har bygda sine kor og ei mengd enkeltpersonar sunge eller spela på gudstenestene i løpet av året. I samband med høgtidsgudstenestene får me stadig tromma saman eit prosjektkor. Underteikna trivst godt i jobben når han kan lage musikk saman med andre, og er svært takksam for all denne friviljuge innsatsen.

Kulturutvalet med underteikna, Thorbjørn Emdal og Toralf Grave (berre januar) har og administrert enkeltstående konsertar og kulturarrangement dette året. I tillegg til gudstenestene nemnt over har me hatt historisk konsert med Hallvard Jørgensen med vener, og vakre ord og tonar frå Kjetil Flatland med band. I adventstida fekk me joletonar frå 'No Boots' og jolesongar med Hornmusikken i tillegg til dei tradisjonelle adventskonsertane. Me er svært takksame for alt kulturengasjementet i distriktet som me får vere ein del av!

Med ynskje og håp om meir kyrkjekultur, for fleire, i 2024!

Kviteseid i februar 2024,

## 8.8. KYRKJEBLADET

Kyrkjebladet kom ut med fire nummer i 2023. Desse kom før påske, før sommaren, medio oktober og før jol. Redaksjonen har bestått av sokneprest Møyfrid Lunde (redaktør), Øyvind Jørgensen, Olav Mosdøl og Dagfinn Køhn. Vi kjøper tenester for utforming og trykk ved Erik Tanche Nilssen AS og for massedistribusjon ved posten. Vi sender sjølv via Posten til husstandar i Kilen, og til kviteseidingar og andre interesserte rundt om i Noreg. Post-omberinga i 2023 har gått rimeleg greitt, med unntak av til eit nummer der bestillinga til Posten vart gløymt. Då stilte frivillige opp med ombering i heile kommunen. Det var mykje organisering og mykje for dei frivillige.

Kvart nummer av bladet vert lagt ut digitalt på heimesida.

Vi trykker giro i alle blada og får inn nokre gåver via konto og noko på vipps. Det var betydelig nedgang i gåvene til bladet i 2023, men soknerådet er takksame for alle gode gåver i 2023. Takk og for alt godt arbeid redaksjonen har gjort dette året.

	2023	2022	2021	2020	2019
På giro i kvart blad og litt på vipps, kom det inn totalt:	23.800*	46.000	36.500	34.000	48.000
Utgifter til å setje opp og trykke dei 4 nummera: (+/- 15.000)	52.600	60.000	65.000**	88.000	78.000
Utgifter til å sende ut dei 4 nummera: (+/-4.750)	19.000	19.000			

\*MEN vi skreiv om inventar til Kyrkjestøgo og fekk inn kr 88.000 til det (70.000 frå ein person)

\*\*Grunna over 11.000 kr i refusjon etter feilsendingar hos posten (Bring) i 2021.

## 9. GODKJENNING

Årsmeldinga vart handsama og godkjent av soknerådet 7. mars 2024

Kviteseid, 7. mars 2024



Marit Sørby

Leiar i Kviteseid sokneråd



Kristen Salmelid

Dagleg leiar

Sokneprest Møyfrid Lunde har flytta og skriv ikkje under.